

Sommartrimmen 2023

Kartutsnitt og nærare informasjon om dei seks turmåla for sommartrimmen 2023:

Turmål 1: Trugebakk:



Foto: Anita Lyhus

Kjør til Valdres skisenter og parker der. Skiltet til Trugebakk står ved standplass. Følg grusvegen som går langsmed gamle lysløypa. Ta til høgre når grusvegen deler seg. Etter påfølgande venstresving går turen over på stig. Følg skilting til Stufset som tar av til høgre. Denne stigen går forbi Røydalen, heilt opp til Trugebakk. Kassa står på øvre Trugebakk. Ynskjer du ein lengre tur, kan du følgje stigen vidare opp til Skardåsen. Ta fram kartet og planlegg ruta før du tek turen!




Turmål 2: Skardåsen:



Foto: Anita Lyhus

Populært turmål sommar som vinter! Det er mange vegar til Rom, så og til Skardåsen, men dette er den offisielle turmålsruta: Kjør Svarthamarvegen austover frå Valdres Skisenter til Grøslia. Her står det turmålskilt på venstre side av vegen. Følg skilta rute til Skardåsen.



Turmål 3: Bilehusknatten



Foto: Berit Kvale Lauvhaug

Parker i Valdres Skisenter, følg vegen nordover mot Trølldalsmyre/Trugebakk (skilt ved innkjøring til skisenteret) ca. 1 km til vegkryss. Følg skilting til Sandbakkin ca. 1 km til skilt mot Bilehusknatten.

Turmål 4: Hovsjøen





Foto: Berit Kvale Lauvhaug

Kjør Svarthamarvegen innover forbi Valdres Skisenter og til Vinjaråsen. Parker på den store parkeringsplassen i Vinjaråsen. Gå Hovssjøvegen og følg skilting mot Hovsjøen. Denne turen er òg fin på sykkel.




Turmål 5: Svarthamarknatten



Foto: Berit Kvale Lauvhaug

Kjør Svarthamarvegen innover forbi Valdres Skisenter til stølslaget Svarthamar. Kjør over brua og hald på rett fram (ikkje ta første til venstre mot Susstølen). Ta deretter til venstre mot Gladheimsstølane (vegen er skilta mot Svarthamarvegen 2638-2642). Det er ei parkeringslomme før du kjem til desse stølane. Følg skilta rute mot toppen!



Turmål 6: Reinehamaren



Foto: Anita Lyhus

Kjør Svarthamarvegen til Svarthamar. Ta her til venstre mot Susstølen. Parkering på Susstølen der vegen endar. Følg stig skilta mot Steintjedne/Liomseter (skiltet ser du ikkje før du har gått 2-300 m). Når du kjem ut av bjørkeskogen ser du ein fjellrygg med ei tydeleg varde. Dette er Reinehamaren. Følg stigen over tre-fire høgdedrag. Når du nærmar deg kjem du inn på merka DNT-stig frå Svarthamar. Følg denne vidare til du kjem til eit tydeleg stigdele rett før det går nedover mot eit tjern. Ta til venstre (ikkje skilta) og følg denne stigen til topps! Flott utsyn innover blant anna Langsua Nasjonalpark!

